



Vår dato:

24.10.2019

Vår ref:

2019/16833

Dykkar dato:

27.08.2019

Dykkar ref:

14/6480

Geir Styve
Hjelmåsen 37
5915 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marte Ruvang Karlsen, 5557 2116

Stadfesting - Avvisning - Byggesak - Lindås - 202/108 - Hjelmås - tilknyting til kommunalt vatn og avløpsanlegg

Vi viser til oversending av klage på vedtak om avvisning av klage på avgjerd om godkjenning av tilknyting til offentleg vatn og avløp for gnr. 202 bnr. 108 på Hjelmås.

Vedtak

Fylkesmannen i Vestland stadfester Lindås kommune sitt vedtak om avvisning datert 12.07.2019.

Bakgrunnen for saka

Lindås kommune godkjente den 24.01.2019 rørleggjarmeldinga for tilknyting til offentleg vatn og avløp for gnr. 202 bnr. 108.

Godkjenninga vart klaga på av deg, som er eigar av naboeigedom, i brev datert 25.01.2019. Grunngjevinga for klagen er at eit av bygga ikkje har byggenummer i matrikkelen. Du meiner at dette indikerer at bygget er ulovleg eller ikkje er registrert. Vidare viser du til at byggjeløyvet på garasjehuset er gjeve på vilkår av at det ikkje vert lagt inn vatn og avløp. Du viser også til at det ikkje er søkt om etablering av VVS anlegg for garasjehuset og det unummererte bygget. Du meiner også at VA-avdelinga skulle ha konferert byggesaksavdelinga i kommunen.

Klagen din vart avvist av Lindås kommune i vedtak av 12.07.2019. Du har i brev datert 21.07.2019 klaga på avvisninga.

Lindås kommune har den 27.08.2019 handsama din klage på avvisingsvedtaket. Klagen vart ikkje tatt til følgje.

Saka vart etter dette sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. Om saka sin bakgrunn elles viser vi til dokumenta i saka som vi føreset at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst jf. forvaltningslova (fvl.) § 33 siste ledd.

Regelverk

E-postadresse:
fmlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Forvaltningslova (fvl.) gjeld for Fylkesmannen si sakshandsaming jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 1-9 første ledd. Fylkesmannen har kompetanse til å prøve alle sider av saka, også om det ligg føre nye omstende jf. fvl. § 34 andre ledd.

Det følgjer av fvl. § 33 andre ledd at underinstansen skal avvise saka «*dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger*».

Eit av vilkåra for å kunne handsama ei klage er at det er gjort eit enkeltvedtak jf. fvl. § 28 om at «*enkeltvedtak kan påklages*».

Eit enkeltvedtak er «*et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer*» jf. fvl. § 2 bokstav b.

Det følgjer av fvl. § 2 bokstav a at et «*vedtak*» er «*en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)*».

Vår vurdering

Søknaden om tilknyting til offentleg vatn- og avløp er handsama av Lindås kommune som privat eigar av det kommunale vatn- og avløpsanlegget. Fylkesmannen er difor einig i at det ikkje er snakk om «*utøving av offentlig myndighet*», og at godkjeninga følgeleg ikkje er eit «*vedtak*», og soleis ikkje eit «*enkeltvedtak (som) kan påklages*» jf. fvl. § 28 jf. § 2 bokstav a og b.

Fylkesmannen er etter dette av den oppfatning at det var riktig av kommunen å avvise klagen.

Vi er også einig i kommunen si vurdering av at eigar av eigedomen sjølv har eit ansvar for å sjå til at i bygningane som vert kopla til vert brukt i samsvar med den bruken som bygget er godkjent for etter plan- og bygningslova. Lindås kommune har understreka at dei med løyve til tilknyting ikkje har tatt stilling til kva status bygningane har etter plan- og bygningslova.

Fylkesmannen vil vise til at det er kommunen som er tilsyns- og kontrollmynde etter plan- og bygningslova. Kommunen har, ettertbl. § 32-1, plikt til å forfølgje lovbroten som ikkje er av bagatellmessig art.

Fylkesmannen vil understreke at det berre er vedtaket om avvisning som vi har teke stilling til. Vi har med dette ikkje teke stilling til om det ligg føre ulovlege tiltak på gjeldande eigedom. Dette må takast opp på sjølvstendig grunnlag med kommunen.

Fylkesmannen finn etter dette ikkje grunnlag for å setje til side Lindås kommune sitt vedtak av 12.07.2019. Klagen vert ikkje tatt til følgje.

Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på jf. fvl. § 28 tredje ledd.

Med helsing

Karen Elin Bakke
seniorrådgjevar

Marte Ruvang Karlsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ